

Labert år med 3 i leiinga for ungdomslaget

27.02.2011



Marita Kjærland og Randi M. Nybakk i kjøkenet som skal rustast opp for nesten ein halv million kroner.

**Uskedal Ungdomslag blir framleis halde i gang av nokre få eldsjelar.
Siste året har styret bestått av Magni Tråvik, Rigmor Rasmussen (utleige og skrivar)
og Håvard S. Eik medan Lovise Sunde er engasjert som kasserar.
No går Magni ut og styret skal jobba for å få fleire med.**



Veteranane Bjørgulf og Margit Eik saman med den nye vaktmesteren for Helgheim Knut Johannes Ripel.

Dette vart opplyst under årsmøtet med 8 frammøtte i Helgheim i kveld.

Så mange årsmøtedeltakarar har det trass i alt ikkje vore på år og dag! To av dei var veteranene Bjørgulf (78) og Margit Eik, som truleg var på det første årsmøtet sitt i 1947!

I årsmeldinga heiter det at 2010 har vore eit labert år med 3 som har styrt laget. Men, held skrivaren fram, "vi står på og prøver så godt vi kan å få det til å gå". Årsmeldinga opplyser mellom anna har fått ein vaktmeister – Knut Johannes Ripel – og han får karakteren "fantastisk". Det laget må jobba med no er både å få fleire med og opprusting av kjøkenet, som er kalkulert til 460.000 kroner.

Laget har hatt barnediskotek for dei frå 1. til 7. klasse med god hjelp av Knut Johannes Ripel, Atle Skåla, Marita Kjærland og foreldre som stillar opp. I august hadde dei igjen servering under museumsdagen på Rød og kvar onsdag er det bingo i Helgheim. Karin Tungesvik og Audhild Lie og fleire gjer her ein stor jobb. Det var ingen basari fjar, men det vart halde lotteri som ga 7.000 kroner.

Helgheim blir for tida mykje brukt. Det er linedans kvar måndag, bingo på onsdagar og korøving på torsdag. Huset har vore leidt ut til 1 bryllup, 1 barnedåp, 1 konfirmasjon, 2 basarar og 9 bursdagsfeiringar og damevennene har hatt påskequiz og julegrantenning.

I årsmeldinga for Fjelly ved Mannsvatnet vart det opplyst at hytta var utleigd i 30 døgn i fjar. Hovedmålet har vore å auka utleiga og aktiviteten der. Hyttestyret ba om fritak frå ein paragraf i vedtekten som visstnok seier at hytta berre kan leigast ut til medlemmer i ungdomslaget, uskedelingar, utflytta uskedelingar og folk med tilknytning til bygda. Fritaket vart godkjent med ei prøvetid på eitt år og med ny vurdering på årsmøtet. Men vedtekten er framleis ikkje framlagt og difor ba hyttestyret om fortsatt fritak då dette berre har hatt positiv verknad på utleige av hytta. Ingen på årsmøtet ytra seg imot dette.

Hyttestyret hadde ellers eit særskilt vellukka Fjelly-treff med deltaking av 85 og avvikla kakelotteri med nesten 5.000 kroner i inntekt. Hyttestyret har no 7.117 kroner i kassa. Ungdomslaget kunne presentera eit årsresultat på 48.225 kroner.

Av saker som var drøfta uformelt på årsmøtet var medlemsskapet. Bjørgulf Eik sakna var innkreving av kontingen og Rigmor Rasmussen lova at det skal gjerast noko med det. Bjørgulf sleg også eitt slag for å ta opp att pensjonistfestane med første fest til hausten eller neste vår.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



8 var på årsmøtet i ungdomslaget – det er flere enn på lenge!